

## SVEIO KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

Tysdag **24. april 2018** blei det halde møte i Sveio kontrollutval under leiing av utvalsleiar Olav Haugen.

**MØTESTAD:** Kommunestyresalen, Sveio kommunehus

**MØTESTART/-SLUTT:** kl.18.00 – kl. 20.30

**MØTANDE MEDLEMMER:** Olav Haugen (KrF), Hans Christian Andersen (FrP), Gustav Eidsvåg (FrP), Heidi Selsås (A) og Torill Hagland (H)

**MØTANDE VARAMEDLEMMER:** Ingen

**FORFALL:** Ingen

**FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:** Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

**FRÅ REVISJONEN MØTTE:** Oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen, Deloitte AS

**FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:** Rådmann Jostein Førre  
Kommunalsjef Ingunn Toft i sak 7/18

**MERKNADER TIL INNKALLING:** Ingen

**MERKNADER TIL SAKLISTE:** Ingen

### FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

#### SAK 6/18 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 30.01.18

##### Sekretariatet si innstilling:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 30.01.18 blir godkjent slik han ligg føre.

##### Handsaming i kontrollutvalet 24.04.18:

Utvalet hadde ingen merknader.

##### Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 24.04.18:

*Protokollen frå møte i kontrollutvalet 30.01.18 blir godkjent slik han føre.*

## **SAK 7/18 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – HELSE OG OMSORG**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Sveio kontrollutval tek kommunalsjef helse og omsorg si utgreiing til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 24.04.18:**

Kommunalsjef helse og omsorg Ingunn Toft orienterte om sitt ansvarsområde: barnevern, habilitering, helse m/fellestenester, NAV m/flyktning, pleie og omsorg. Ho delte ut ark som viste oversyn over økonomi, tal på tilsette og sjukefråveret dei siste åra. Budsjettet i 2017 var på ca. 120 mill. kr og rekneskapstala viser forbruk på ca.131 mill. kr. Det er ca. 245 tilsette.

Då det i fleire år har vore store utfordringar innan pleie og omsorg, har ho sett i gang eit AMU-prosjekt frå 01.04.18 som skal gå over to år. Det er tilsett ein koordinator, og ni vikarar har fått faste stillingar. Av dei ni er seks rekruttert internt i kommunen. Dei såg allereie etter nokre veker positiv effekt, gjennom nøgde tilsette og sparte utgifter.

Fylkesmannen hadde varsle tilsyn i mars i år innan helse- og omsorgstenester og sosiale tenester i NAV til personar med rusproblem og psykisk liding. Det blei sendt inn 700 sida dokumentasjon og gjennomført 13 intervjuar. Dei fekk inga merknader eller avvik, men derimot fekk Sveio kommune honnør for at det var rydda opp i forkant av tilsynet. Til hausten skal det bli gjennomført internkontrolltilsyn som årleg rutine. Varsel til einingsleiarane er sendt ut i februar. Brukarundersøking i alle einingane vil bli gjennomført i vår. Det vil mellom anna bli brukt telefonintervju.

Kommunalsjefen håpa at betring av arbeidsmarknaden ville gje positiv verknad for kommunen. Vidare hadde ho tro på omorganiseringa med deling av omsorgssenteret og heimetenesta i to einingar. Nav-kontora var inne i ei omorganiseringsprosess, men kommunane var til no ikkje blitt involvert. Ho var også innom stoda innan barnevern, habilitering og helsetenestene.

Utvalet hadde spørsmål som ho svara på. Utvalet fant orienteringa svært interessant. Utvalsleiar takka for grundig innføring og ønskte ho lykke til med det vidare arbeid.

### **Samråystes vedtak i kontrollutvalet 24.04.18:**

*Sveio kontrollutval tek kommunalsjef helse og omsorg si utgreiing til orientering.*

## **SAK 8/18 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – NY PERSONVERNLOVFORORDNING - KONSEKvensar FOR KOMMUNEN**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Sveio kontrollutval tek rådmannen si tilbakemelding og utgreiing om kommunen sitt arbeid knytt til personvernlova til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 24.04.18:**

Rådmannen viste til si skriftlege tilbakemelding. Han gav også ein innføring i temaet med lysark. Det skal no vere enklare å gjenbruke data i heile EU, utan nasjonale tilpassingar. Lovverket skal sikre retten til eit privatliv og retten til å bestemme over eigne personopplysningar. Kommunen var no i gang med kartlegging, lage rutinar og etterspørje programmer. Etter hans syn ville det vere fornuftig med meir samarbeid mellom kommunane.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 24.04.18:**

*Sveio kontrollutval tek rådmannen si tilbakemelding og utgrieing om kommunen sitt arbeid knytt til personvernlova til orientering.*

### **SAK 9/18 SVEIO KOMMUNE - UTTALE TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR 2017**

#### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet i Sveio vedtek uttale til årsrekneskapen 2017 slik den ligg føre (/med desse endringane/tillegga).

#### **Handsaming i kontrollutvalet 24.04.18:**

Rådmannen karakteriserte årets resultat som knallbra, men også skummelt, fordi det skapte forventningar om auka forbruk. Netto driftsresultat blei på 5,1 % eller 24,5 mill. kr. Tenestene var ikkje med på å gje mindreforbruk. Overskotet skyldast forhold som rådmannen ikkje har styring over. Det kom bl.a. inn meir i skatt enn det som var forventa, spesielt frå ein skatteyter. Kommunen har pr. i dag låg gjeld og låge renteutgifter. Nye investeringar, som ny skule, barnehage, badeanlegg, vil auke avdraga kraftig.

Etter hans vurdering ville kommunane truleg få mindre å rutte med i kommande år, då regjeringa har forplikta seg om opptrapping av forsvarsutgifter og i sitt vegprogram. Eldrebølgja vil òg krevje sitt.

Investeringsutgiftene kom i fjar på kr 40,4 mill. Lånegjelda har auka frå kr 350 mill. til kr 373 mill. (78,5 %), som i dag er under landssnittet. Kommunen har god likviditet. Han var nøgd med resultatet, men meinte dette ikkje ville vare. Han viste også lysark med KOSTRA-tal med samanlikning med nivå med andre kommunar.

Revisor viste til at det var avgagt rein revisjonsmelding. Det er i år heller ikkje tatt inn noko i revisjonsrapport. Utvalet kom med spørsmål som det blei svara på. Utvalet viste til at årsresultatet også i år var godt for kommunen og kommunane generelt.

Utvalet slutta seg til uttalen og innstillinga om tilbakemelding frå administrasjonen.

#### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 24.04.18 og innstilling til kommunestyret:**

*Kontrollutvalet i Sveio vedtek uttale til årsrekneskapen 2017 slik den ligg føre:*

*«Årsrekneskapen til Sveio kommune for 2017 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskot på 4,3 mill. kr.*

*Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 24,3 mill. kr., som utgjer 5,1 % av driftsinntektene. Det er betre resultat enn i fjar, som utgjorde 3,9 %, og resultatet i år er godt over teknisk beregningsutval sin tilrådde resultatmargin på 1,75%.*

*Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2017, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen for 2017 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemد for 2017 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.17.*

*Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet merknader til årsrekneskapen til Sveio kommune for 2017.»*

## **SAK 10/18 RYVARDEN KULTURFYR KF – REKNESKAP 2017**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet i Sveio vedtek uttale til Ryvarden Kulturfyr KF sin årsrekneskap for 2017 slik den ligg føre (med desse endringane).

### **Handsaming i kontrollutvalet 24.04.18:**

Revisor hadde ingen merknader. Utvalet kommenterte igjen lånet knytt til pensjonsforpliktingane, men meinte det måtte vere meir motiverande for føretaket å få behalde overskotet enn å betale gjeld. Utvalet hadde elles ingen merknader til rekneskapen.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 24.04.18 og innstilling til kommunestyret:**

*Kontrollutvalet i Sveio vedtek uttale til Ryvarden Kulturfyr KF sin årsrekneskap for 2017 slik den ligg føre:*

*«Årsrekneskapen er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskot på kr 65.115.*

*Kontrollutvalet har merka seg at Ryvarden sin rekneskap for 2017 viser eit netto driftsresultat med kr 71.715 og at føretaket har eit uinndekka lån hos Sveio kommune på kr 138.486.*

*Under tilvising til utvalet si eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2017, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen for 2017 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av føretaket sin verksemd for 2017 og for føretaket si økonomiske stode pr. 31.12.17.*

*Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet merknader til Ryvarden Kulturfyr KF sitt årsrekneskap for 2017.»*

## **SAK 11/18 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 24.04.18**

7. Statusoversikt - april 2018
8. Kontrollrapport 2017 vedk skatteoppkrevjaren for Sveio kommune
9. Innkalling til representantskapsmøte i Samarbeidsrådet for Sunnhordland 13.04.18
10. Innkalling til representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS 20.04.18
11. Kontrollutvalgskonferansen 07.- 08.02.18 – kort samandrag - nestleiar deltok
12. FKT-konferansen 29.-30.05.18 og årsmøte i FKT – utvalsleiar er påmeldt
13. eINFO 1/18 – Redegjørelse for likestilling mv. i årsberetningen
14. Kommunal Rapport 05.02.18 – Bernt svarar: Teieplikt og lukka møte
15. NKRF- rettleiar «God skikk og praksis for kontrollutvalgssekretariatene» – på høyring
16. FKT - rettleiar «Hva kan kontrollutvalgene forvente av oppgaveutførelse og kompetanse fra sekretariatene»
17. NKRF – framlegg til ny kommunelov (Prop. 46 L ) vil bidra til styrka eigenkontroll
18. Protokoll - representantskapsmøte 24.04.18 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

**Handsaming i kontrollutvalet 24.04.18:**

Utvalssekretær gjekk igjennom sakene. Nestleiar fann NKRF-konferansen svært interessant.  
Utvalet hadde elles ingen spesielle merknader.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 24.04.18:**

*Kontrollutvalet tar referatsakene 7-18 til orientering.*

**EVENTUELTT**

Ingen saker var meldt.

Neste møte

Etter møteplanen er dato sett til juni. Utvalet vil få rapport fra selskapskontroll av Karmsund Havn IKS til handsaming.

Sveio/Aksdal, 24. april 2018

Olav Haugen  
kontrollutvalsleiar (sign.)

Toril Hallsjø  
utvalssekretær ( sign.)